

Dialogkort vg1

Kapittel 17 Samisk i møte med norsk

Spørsmål

Forklar kva forvaltningsområde for samisk språk er.

Svar

Forvaltningsområde for samisk språk er område der samisk og norsk språk er likestilt. Her skal ein fremje samisk kultur og legge til rette for bruk av det samiske språket.



Dialogkort vg1

Kapittel 17 Samisk i møte med norsk

Spørsmål

Korleis er samisk språk og kultur synleg og høyrbart i samfunnet? Nemn minst tre ting.

Svar

- samiske sendingar på radio og tv
- aviser og litteratur på samisk
- samisk høgskule
- Sametinget
- samisk musikk og kultur
- samiske kultursentrum

intertekst

Dialogkort vg1

Kapittel 17 Samisk i møte med norsk

Spørsmål

Kva har haldningar å seie for utbreiinga av samisk språk og kultur?

Svar

Mange har negative haldningar til samisk språk og kultur. Det har ført til at mange med samisk opphav ikkje ønsker å vedkjenne seg den samiske arven sin. Samiske spørsmål skaper ofte debatt.



Dialogkort vg1

Kapittel 17 Samisk i møte med norsk

Spørsmål

Kva for språkfamilie høyrer høvesvis norsk og samisk til?

Svar

Norsk er eit germansk språk som høyrer til dei indoeuropeiske språka. Samisk er eit finsk-ugrisk språk som høyrer til dei uraliske språka.

intertekst

Dialogkort vg1

Kapittel 17 Samisk i møte med norsk

Spørsmål

Kva har norsk mest til felles med: samisk eller persisk? Forklar.

Svar

Norsk har meir til felles med persisk enn med samisk. Dette heng saman med at persisk òg er eit indoeuropeisk språk.



Dialogkort vg1

Kapittel 17 Samisk i møte med norsk

Spørsmål

Vis eksempel på samisk påverknad på norsk språk.

Svar

Norsk har teke opp i seg få ord frå samisk, men ordet lavvo er eit eksempel. I tillegg ser vi ofte stadnamn som er fornorska versjonar av samiske namn.

intertekst

Dialogkort vg1

Kapittel 17 Samisk i møte med norsk

Spørsmål

Forklar kva som er spesielt med stadnamnet Hjemmeluft.

Svar

Hjemmeluft er ein fornorska skrivemåte av det samiske stadnamnet Jiepmaluopta.



Dialogkort vg1

Kapittel 17 Samisk i møte med norsk

Spørsmål

Beskriv omfanget av det samiske språkområdet.

Svar

Samiske språk finn vi frå Engerdal i Innlandet fylke til og med Kolahalvøya i Russland.

intertekst

Dialogkort vg1

Kapittel 17 Samisk i møte med norsk

Spørsmål

Kor store er forskjellane mellom dei samiske språka?

Svar

Dei samiske språka er ikkje gjensidig forståelege. Forskjellen mellom nordsamisk og sørsamisk kan samanliknast med forskjellen mellom norsk og nederlandsk.



Dialogkort vg1

Kapittel 17 Samisk i møte med norsk

Spørsmål

Kor mange samiske språk har vi i Noreg?

Svar

I Noreg har vi tre levande samiske språk: sørsamisk, lulesamisk og nordsamisk.

intertekst

Dialogkort vg1

Kapittel 17 Samisk i møte med norsk

Spørsmål

Kor mange samiske språk finst det totalt?

Svar

Det finst ti samiske språk.



Dialogkort vg1

Kapittel 17 Samisk i møte med norsk

Spørsmål

Kva er utbreiingsområdet til sørsamisk språk?

Svar

Frå Engerdal til Nordland

intertekst

Dialogkort vg1

Kapittel 17 Samisk i møte med norsk

Spørsmål

Kva er utbreiingsområdet til lulesamisk?

Svar

I Nordland



Dialogkort vg1

Kapittel 17 Samisk i møte med norsk

Spørsmål

Kva er utbreiingsområdet til nordsamisk?

Svar

Troms og Finnmark

intertekst

Dialogkort vg1

Kapittel 17 Samisk i møte med norsk

Spørsmål

Kva for samisk språk er mest levedyktig?

Svar

Nordsamisk



Dialogkort vg1

Kapittel 17 Samisk i møte med norsk

Spørsmål

Kva er årsaka til at samane har spesielle språklege og kulturelle rettar i Noreg?

Svar

Som urfolk har samane spesielt rett på vern av språk og kultur. Dette står i FN's menneskerettserklæring og i den internasjonale ILO-konvensjonen i tillegg til i norsk lovverk.

intertekst